

ÅRSRAPPORT ØLEN IDRETTSLAG

2023

Glede - Mestring - Samhold - Respekt



ØLEN IL

Oppsummering

Hovedstyret

Det har vore svært god aktivitet i idrettslaget i 2023. Idrettslaget har starta opp med fleire nye tilbod (sykling, badminton og tilrettelagt håndball), og opplevd god auke i medlemstal.

Økonomien i idrettslaget er sunn. Årsresultatet viser eit overskot på kr 461,893 kr (311,893 over budsjett), og eigenkapitalen er 6,0 MNOK.

Offentlige tilskot utgjer stor del av auka av inntektene i år, i tillegg til sponsorinntekter. Ein har arrangert stor fotballcup - Ølen Kiwi Bama Cup. Cupen var ein stor suksess på mange måtar, også økonomisk. Den gav eit overskot på omlag 150,000 kr.

Ølen IL har fleire gode faste inntekskilder. Bruktbutikken gav til dømes i 2023 190,000 kr i inntekter til idrettslaget.

Ølen IL satsar ekstra på å gi ungdommen eit godt tilbod, både sportsleg og sosialt, og vil fortsette å investere i dette framover.

Idrettslaget har også store planar om vidareutvikling av anlegget. Området aust for SR-Bank Stadion er under omregulering til idrett. Slik det ser ut nå blir reguleringsendringa godkjent før sommaren 24.

Fotballen har opplevd god auke i spelarar og lag dei siste åra, og kapasiteten er ei utfodring. Ein treng derfor utvide med ein 9-er bane. Det blir også vurdert bygging av fotballhall (9-er) som eit alternativ til utandørs 9-er bane. I tillegg ser ein på andre moglege anlegg, som for eksempel padeltennis-hall.

Dette vil være ei stor økonomisk investering for idrettslaget, så ein treng god økonomi for å ha nødvendig handlerom.

Idrettslaget er godt organisert. Dei store gruppene er velorganisert med dyktige og engasjerte folk, og dugnadsviljen er bra.

Hovedstyret har hatt åtte styremøter i løpet av året. Fokus gjennom året har vært planar for nye anlegg, bruk av klubbhus, bistå gruppene ved behov, oppdatert sponsoravtale, skaffe utstyr og klær, lage Amatøren (opplag: 1000).

Hovedstyret er imponert over den innsatsen som blir lagt ned av svært mange i idrettslaget, og ein opplever godt engasjement i og rundt idrettslaget.

MEDLEMMER

2023

Idrettslaget har totalt 550 medlemmer. Dette er omlag 50 fleire enn i 2022.


Det er om lag jevnt fordelt mellom jenter/kvinner og gutar/menn.

I underkant av 10% av medlemmene (i alderen 7-15 år) er innvandrere eller flyktningar. Dette er eit lågt tall sammenlikna med kor mange innvandrere og flyktningar som bur i området. Ølen IL er i dialog med kommunen for å få meir støtte til å betre inkludere og integrere flyktningar og innvandarar.


Ein del av medlemmene får medlemskontingenten sponsa gjennom AlleMed midler frå Sparebank1 SR-Bank Stiftelsen.

Ein del av den økonomiske støtteordninga idrettslaget får, er basert på aktiviteten i idrettslaget, og spesielt antall medlemmer blant barn og unge.

Innkrevinga av kontingent skjedde i år i to puljer - ei tildig på våren (for junior/a-lag), og ei på hausten (for resten). Ein tar sikte på å få ut fakturaene før sommarferien for alle i år.



Fordeling av medlemmer pr aktivitet




Fordeling av medlemmer pr aldersgruppe

ØKONOMI

2023

Inntekter 2023




Årsresultatet viser eit driftsoverskot på kr 443,859 kr (293,859 over budsjett), og eigenkapitalen (inkludert eigdom og aksjer) er 6,0 MNOK.

Størst auke når det gjeld inntekter er offentlige tilskott, etterfulgt av sponsorinntekter/gaver.

Ein har også hatt god auke i inntekter frå kiosk, og frå bruktbuikken. Det har vore ein sterk reduksjon i inntektene frå pantebodene.

Hovedstyret vil sjå på om det er noko ein kan gjer for å auke inntektene igjen. Foreløpig teori er at auka pant på flasker, mindre trafikk til Ølen Senter kan bidra.

Kostnader 2023



På kostnadssida har ungdomssatsinga "flest mogleg - lengst mogleg" bidratt til stor auke i reisekostnader (treningsleirar med låg eigenandel). Men dette blir også til ein viss grad finansiert ved hjelp av støtte. Idrettslaget har også oppgradert draktsett til mange lag, samt kjøpt inn ein god del utstyr (spesielt fotballar).

Budsjettet er eit positivt driftsresultat på kr 175 000, av ei omsetning på kr 3 196 500 (5,5%).

Hovedpunkta er at ein forventer reduserte offentlege tilskott. Kostnader til klær/utstyr ventar ein at blir noko lågare.

Fotball

Mange lag - flotte sportslege prestasjoner - nytt samarbeid

Det har vore svært god aktivitet i fotballgruppa. Sportsleg imponerte G19 spesielt med å lenge kjempe heilt i toppen av interkretsserien som bestod av lag frå Rogaland og Hordaland. A-laget, menn rykte opp med god margin frå 6. divisjon.

Ølen IL prøvde å få til eit ny samarbeidsavtale med Vindafjord IL. Eksisterande avtale var ugunstig for jentene - dei har ikkje hatt det same tilbodet som gutane, og har blant anna ikkje kunne hospitere med gutelag.

Det vart ikkje noko avtale, og Ølen IL har i stadan inngått samarbeid med Etne på jentesida.

Dette har bidratt til ei god utvikling på jentesida. Ein stilte med damelag (7-er), J17, og to J15-lag i lag med Etne.

Ølen IL stilte med svært mange lag i seriespel. Det har til tider vore utfordrande å få til gode treningstilbod. Ungdomslaga har deltatt på forskjellige cupar: Dana Cup (G19), Norway Cup (G17, J17), Sør Cup (G14, J14).

Ølen IL arrangerte i år Kiwi Bama Cup. 85 lag og nesten 800 fotballspelarar deltok. Ein kjempeinnsats av ungdommane som bidrog. Ølen IL arrangerte også Tine Fotballskule, med over 120 deltakarar.

G19 har vore på treningsleir til Malaga (5 døgn). G14, G15 og J14 var på treningsleir på Bø (helg). Begge deler er ein del av ungdomssatsinga - "flest mogleg - lengst mogleg"

Ølen IL stilte i år med følgande lag:

- A-lag menn (6. divisjon, 1. plass og opprykk)
- A-lag damer (7-er fotball, 10. plass av 10)
- G-19 - 1 (1. div. Interkrets - Rogaland /Hordaland: 5. plass av 9)
- G-19 - 2 (2. div 2. plass av 4)
- G17 (3. div)
- J17 (3. div) - samarbeid med Etne
- G15 (3. div)
- G14 (3. div)
- J14 (eit lag i 2. div og eit lag i 3. div) - samarbeid med Etne
- G13 (Eit lag i 1. div og eit 7-er lag i 3. div)
- Barnefotball: G12, J12, G11 (2 lag), J11, G10, J10, G9, G8, J8. Samt fleire 3-er for 6-7 åringar (jenter og gutar)

Utvikling: Følgande spelarar deltar fast på sonesamlingar hos hhv FK Haugesund (gutar) og Avaldsnes (jenter):

- Sander Hauge Christiansen (2010)
- Sara Vik (2009)
- Emilia Digernes Lothe (2010)

Forberedelsane til sesongen 2024 har vore ganske krevjande.

Spesielt samanslåing av kull vart ei utfordring. Hovedstyret, samt NFF Rogaland representant vart konsultert der det var behov. Samarbeid mellom kull blir sentralt framover for å få til eit godt tilbod på ungdomslaga.

Men totalt sett ser det svært lovande ut for 2024-sesongen. Ny rekord i påmeldte lag, og trenarar og lagleiarar til alle lag.

Fotballgruppa vil berømme trenarar og lagleiarar som har gjort ein flott jobb gjennom året.

Håndball

God vekst og topp stemning i hallen

Håndballgruppa har i sesongen 23/24 hatt følgende lag:

- A-lag, damer: 5.divisjon – ligger nå ann til å kapre ein sterk 2.plass.
- Jenter 16år
- Jenter 12år
- Jenter 11år
- Jenter 9år
- Jenter 8år
- Jenter 7år
- Blandet 6år

Innsatsen som er lagd ned av alle trenere og lagledere har vært formidabel og ein har nå om lag 100 medlemmer i handballen.

I denne sesongen har me hatt eit samarbeid med Skånevik på J16, der treningane har føregått i Ølen og Skånevik.

Den flotte kamprammen har fortsatt spesielt på damelaget og har vært flotte rammer rundt disse kampene.

Handballskule med om lag 30 deltakere, takk til J16 for flotte instruktører.

Håndballgruppa har fokus på å få til ein enda betre klubbkvardag for utøvarar, trenarar, lagleiarar, styremedlemmer og andre som er involvert. Ein har derfor starta med NHF sitt klubbutviklingsprogram "Klubbhuset".

Målet er å bistå alle håndballgrupper som ønsker å utvikle seg med langsiktig og strukturert bistand.

I slutten av 2023 starta ein opp med tilrettelagt håndball. Dett er håndball for dei som har ei psykisk utviklingshemming. Her er det ca 8-10 stk som deltar jamnt. Foreløpig har ein kun ein person som driv dette. Her vil ein prøve å få til meir hjelp og støtte, spesielt med tanke på at ein har mål om å spele i "hjerteligaen" - eit seriespel for lag i tilrettelagt håndball.



Etter eit år utan eige a-lag for damer i håndballll, opplever ein nå god rekruttering til a-laget, og fine sportslege prestasjonar

Sykling

Bygger spennande sykkelanlegg

Sykelgruppa blei etablert i 2023. Den er velorganisert, og ein har eit solid fundament for å få til eit aktivt sykkelmiljø i Ølen.

Fokus i 2023 har vore å få etablert anlegg. Totalramma for dei tre prosjekta er 3,3 mill. Stor del gjeres på dugnad. Per i dag gjenstår ca 700,000 totalt i finansering for alle tre prosjekta.

- Flytsti: Denne er etablert, men manglar nødvendige godkjenningar før me kan ferdigstille den heilt. Reknar med at det er på plass i løpet av våren 2024. Flytstien er fullfinansiert
- Hopp-park: Her gjenstår ca 500,000 i finansering. Byggsøknad er godkjent
- Teknikkpark: Her gjenstår ca 200,00 i finansering.

Det planlegges for fellesturer og felles dugnadsøktar i flytsti/ kommende hoppark. Også prøve få til fellestur til Hovden for heis sykling.

Tilbakemeldingar fra aktive syklister rundt om på Haugalandet, som venter på dette tilbudet, flere tilbakemeldingar mottatt spesielt rundt hopp-park.

Det er stor dugnadsvilje blant fleire i sykkelgruppa, slik at prosjekt blir gjennomført på ein svært kostnadseffektiv måte.



Flystrien gar ved turstien, og like ved SR-Bank Stadion

Svømming

Stor aktivitet i lite svømmebasseng

Det er framleis eit stabilt tal utøvarar som brukar bassenget vårt fire gonger i veka, og ein dag med styrketrening i gymsalen. Medlemmane våre er frå 2 år til 17, så god spreing 😊

Caroline H Østenstad og Aslaug Risøy tek ansvar for dei yngste medlemmane våre frå barnehagen, medan

Tommy Nilsen har dei eldre frå 5. klasse og oppover. Dette er ei gruppe der dei verkeleg får testa uthald deira.

Bjørn Alvseike og Debora Hustveit deler ansvaret mellom 3. og 4. klassingane. Ein ekstra stor glede i år er gleda av å ønske Kjersti Nøkland tilbake. Ho har teke mykje av ansvaret for 1. og 2. klasse når ho er heime på fritida.

Malin Alvseike og Aleksander Stople tar seg av styrkegruppa på torsdagane. Og ikkje minst må me retta ein stor takk til Tor Kalleklev som er veteranen i svømmegruppa vår og framleis tek seg av eliten. I bassenget utforskar våre svømmarar teknikkar, kondisjonstrening og mest av alt, gleda av å vere i vatnet.

Med svømming som ein allsidig og morosam idrett, brukar me tida vår til å forbetre ferdigheitene og kondisjonen, men me legg også vekt på å ha det kjekt samtidig. Svømmegruppa er ikkje berre ein stad for trening og prestasjon, men det har også blitt eit fellesskap der dei får nye venner. Me ser at me skapar vennskap på tvers av bygdene våre, Sandeid er sterkt representert med mange medlemmar.

Takk til alle våre trenarar, utøvarar og støtteapparat for eit strålende år, og me ser fram til å halde fram med å dykke inn i nye økter i det komande året.



Andre idrettar

Basket, badminton, padel, trim

Basket

Basketgruppa har etablert seg med ca 15 stk. På det meste har det vore oppmot 40 på treningar. Men det har vore utfordrande å få trenarar, samt med tanke på integrering. I 2024 vil ein ha eit U12 lag, i samarbeid med Stegaberget. Dersom ein får tak i trenar, vil ein tilby trening for dei yngre. Ein har også ein liten gjeng (3-4 stk) ungdommar. Her ser ein for seg meir "åpen hall"-konsept, med 3x3 basket.

Badminton

Dette er eit tilbod for 16+ - ein speler onsdagane. Det er stabilt rundt 10-12 stk som deltar i alderen frå 18 til drøyt 50.



Håkon Kleppe i godt driv i basketturnering for Ølen IL sitt basketlag

Padeltennis

Ølen IL arrangerer "Ølen Open" - i år både om våren og hausten (tidligere har det kun vært vår). Her deltar det typisk kun vaksne. Ca 40 deltok på turneringane i 2023.

Trimgruppa

Ein trener kvar tirsdag og torsdag kl 19:00 - ein driv med løping/rask gange og styrketrening. Ein er ca 8-10 stk. Det har vore ei stabil gruppe, og ein ønsker fleire til å bli med.



Ingvild Skare, Silje Berge, Sillje D. Lothe og Astrid H. Gundersen spelte finalen i vår-turneringa i padel-tennis

Anlegg

Ølen Idrettspark - eit samlingspunkt for idrettsglede og mangfald

Reguleringsarbeidet til Kommunen for det nye idrettsområdet er på oppløpssida. Og Ølen IL har store planar for området aust for dagens SR-Bank Stadion.

Kombinasjonen av eksisterande anlegg og nye kan gi kommunen eit fantastisk idrettsområde.

Sysselgruppa er godt i gong med sine planar, og ein er ganske nærme (manglar 700,000) fra å ha finansert alle tre delprosjeka (flytsti, teknikkpark og hoppløype).

Fotballgruppa har opplevd god auke i lag og spelarar dei siste åra.


Når det er kampsesong går det utover treningstider for mange av laga.

I tillegg kunne me hatt fleire deltakarar på fotballskule, og ein kunne hatt fleire lag på fotballcup.

Det er derfor høgt prioritet er å sørge for meir speleflate til fotball. Her står valget mellom ein vanleg kunstgrasbane (9-er fotball), eller ein fotballhall (også 9-er fotball).

Kunstgrasbane vil koste omlag 7 MNOK, medan ein fotballhall omlag 40 MNOK. Ein fotballhall bør organiseres i eit eige aksjeselskap, kor Ølen IL er største eller einaste eigar.

Planane for ein eventuell hall blir presentert på årsmøte.



Oversikt over "Ølen Idrettspark" - med både eksisterande anlegg, og planlagte. Bilbane for radiostyrte bilar og zipline er planlagte prosjekter i regi av Ølen Ung & Aktiv